

Notat

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Til Lindås Kommune
Att. Sveinung Toft

Dato : 19.11.2012
Sider inkl. denne : 5

Vurdering av naturmangfald i Nilshøyen bustadfelt, Seim, Lindås, som grunnlag for trekking av motsegn fremja frå Fylkesmannen 8.6.2012.

Fylkesmannen har kome med motsegn, datert 8.6.2012, til planen med grunngjeving i at det innanfor planområdet er registret skog med særst høg bonitet, og at dette ikkje er vurdert opp mot dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova.

I dette notatet er det vurdert kva konsekvensar reguleringsplanen vil få for naturmangfaldet innanfor planområdet.

Store delar av planområdet ligg med bonitet open jorddekt fastmark, og det er berre tomt 14 og 15, og deler av tomt 7 og 8, som eventuelt kan vere i konflikt med naturmangfaldet, i dette tilfellet skog med særst høg bonitet. Skogen dette gjeld er lauvskog. Området består ikkje av heildekkande skog, men av små teigar med skog (sjå oversikt over området i ortofoto under).



Fig. 1 Foto over (Foto: ABO)



Fig. 2 Ortofoto over reguleringsplanområdet (kjelde: skog og landskap)




Fig. 3. Utsnitt over planområdet frå Kilden skog og landskap med oversikt over skog med særs høg bonitet.



Fig. 4 Planforslaget for området der skog og landskap viser skog med svært høg bonitet.

Ved oppslag i naturbasen viser området ingen forekomstar av sjeldne/viktige naturtypar eller prioriterte artar.




Fig. 5 Utsnitt frå naturbasen som viser planområdet.




Fig. 6 Utsnitt frå artskart i Artdatabanken med funn av livskraftig Dendrocopus major, flaggspett.

Kommunen som planmyndigheit har i saksutgreiing til utvalsmøte 28.3.2012 gjort ei vurdering av miljøkonsekvensar:

«Det er ikkje registrert naturverdiar knytt til biologisk mangfald innanfor planområdet.

Andre miljøkonsekvensar er også vurdert i planskildringa til å vera låge».

Dette stettar § 7 i naturmangfaldlova.

Vi oppfattar det slik at om ein ikkje finn at det er noko spesielt å ta omsyn til etter søk i naturbase og artskart heller ikkje treng å vurdere dei andre miljørettsprinsippa grundigare, jf. miljørettsprinsippet om kunnskapsgrunnlaget i § 8 i naturmangfaldlova.

KONKLUSJON

Området er i stor grad påverka av utbygging frå før, og dei viktigaste områda for skog med særskilt høg bonitet er sett av med føremål grønstruktur. Det har ikkje stor konsekvens for skogen med særskilt høg bonitet om bustadtomtene vert tilrettelagt, då desse områda er ein liten del av vegetasjonen i området.

I føresegnene er det i tillegg sett krav om at naturleg vegetasjon i grønstrukturområda skal oppretthaldast, samt at det er sett rekkjefølgjekrav om at det i anleggsperioden må setjast i verk tiltak som hindrar avrenning til Seimsbekken og området med lauvskog (jf. punkt 2 i motsegna).

Med vennlig hilsen

ABO Plan & Arkitektur AS